

Delta i debatten, skriv til oss!



SEND DITT INNLEGG TIL: DEBATT@NATIONEN.NO

Innlegg kan også sendes per post til Nationen, Postboks 9390 Grønland, 0135 Oslo. Merk konvolutten «debatt». Innlegg som sendes elektronisk blir prioritert.

TEKSTLENGDER:

Kronikk: Maks 4900 tegn med mellomrom.

Leserinnlegg: Maks 2000 tegn

Du kan også levere innlegg på nationen.no

Kronikker honoreres som hovedregel ikke. Redaksjonen forbeholder seg retten til å redigere og forkorte innsendt stoff og til å publisere det på alle våre plattformer.

Kronikk



Innovasjon: Visst treng vi tekniske innovasjonar, men dei må vere tilpassa bruksstruktur, arrondering og klima i vårt land, skriv kronikkforfattaren.

Foto: Bjarne Bekkeheien Aase

Kven skal eige jorda?

Den 28. februar arrangerte Nationen og Steinkjer Bibliotek debattmøte med tema «Kven skal eige jorda?» Som paneldeltakar sit eg med inntrykket at utviklinga på bygdene ikkje blir tatt på alvor.

Det er ingen vilje til å tenke nytt, sjølv om ei vidareføring av dagens kurs pressar fram ei radikal endring av eigeidomstilhøva. Dette skjer av to grunnar: 1. Frislepp juridisk slik at gardar i ope sal går til høgshyding, dei kapitalsterke samlar til seg jord, her har vi berre sett starten om vi ikkje får ei innskjerping. 2. Store delar av det dyrka arealet blir leigd ut på langtidskontraktar, dermed forfell driftsapparatet hos utleigar, det blir for tungt å ta opp att drifta, i neste omgang får leigaren kjøpt jorda. Også her har vi berre sett starten, dersom vi ikkje får ei endring. Går vi ein generasjon fram i tid til 2050 vil vi venteleg ha noe som liknar godseigarstrukturen på 1700-talet. Er det dit vi vil? Når skal dette temaet komme på dagsorden politisk? Dette har med demokrati å gjere. Jord = makt. Slik har det vori til alle tider. Jord spreidd på mange eigarar er demokrati.

Egspør: Er det verkeleg slik at vår lovgjevande forsamling

stiller seg likegyldig? Er dette ansvarleg? Bondelagets representant på Steinkjer-møtet kallar landbrukspolitikken ei suksesshistorie. Etter det eg oppfatar er hovudgrunnen til dette at tilgjengeleg arbeidsparande teknologi MÅ takast i bruk, vi er slavar av teknologien, ein naturlov der gardane må vekse, vi får ei bruksutbygging basert på naboen si jord. Det er to aspekt ved dette. Først: Teknologi kan vere bra og dårleg. For 100 år sidan vart nye oppfinningar automatisk sett på som ei vinning for menneska, slik er det ikkje i dag. Det finns teknologi som slett ikkje bør takast i bruk for di det skadar både menneske og miljø. For det andre: Landbruk er ei politisk styrt næring, kva teknologi som blir anvendt er politisk styrt ved utforming av juridiske og økonomiske verkemiddel vedtatt i Stortinget. Bønder er økonomar som tilpassar seg etter innrettinga av subsidiane. Teknologi er slett ikkje politisk nøytralt. Subsidiane gjer det mulig for dei ekspansive bøndene å investere i stadig meir avansert arbeidsparande teknologi som ville vori økonomisk ulønnsam elles. Det er ingen naturlov men tvert i mot politiske vedtak som fører til avvikling av mindre og middels bruk. Visst treng vi tekniske innovasjonar, men dei må

vere tilpassa bruksstruktur, arrondering og klima i vårt land.

80 prosent av norske gardar er deltidsbruk, dette talet har vori nokså stabilt. Dei fleste av desse hentar det meste av inntekta utanom bruket. Men vi har ingen politikk for dette fleirtalet. Om det er politisk vilje kan vi enkelt gjere endringar i investeringsverkemiddel og tilskott som insitantment til å halde fram, eit signal om at dei var ønska. Men no blir dei aktivt demotiverte, og legg ned i hopetal. Sidan desse bruka er ryggrada i dei fleste bygder, får politikken som resultat forfall og ofte gjengroing. Eit godt poeng er at deltidsbrukarar har investert i garden med midlar tente utanom, dette er ein årsak til at vi kunne tale om velstelte bygder, eit viktig kollektivt gode for alle nordmenn. Det vil garantert ikkje vare med dagens politikk. Vedlikehald av bruksstruktur er naudsynt for å levere kollektive gode til samfunnet. Vi treng dei store, vi treng dei mindre, kort sagt: vi treng drift og aktivitet på gardane!

Agri Analyse har nyleg lagt fram ein analyse der dei samanliknar det sveitsiske landbruket med det norske (Rapport 1 – 2018). Ein hovudskilnad er at den sveitsiske politikken tek utgangspunkt i at statlege subsidiar skal sikre realisering av fellesgode, og dette er grunnlovsfesta. Ei likestilling av produksjonsmål og kollektive gode. Dette viser kort stort alvor som blir knytt til landbruket politisk.

Desse fellesgode er mye dei same som Stortinget har vedtatt for vår landbrukspolitikk, men som hos oss ikkje blir etterlevd i praksis ved avtaleinstituttet (beredskap, kulturlandskap, busetting, miljøomsyn i vid forstand). Eg viser her til Riksrevisjonens rapport, 2009. Tilskotta er i Sveits fråkopla produsert mengde i mye større grad, dermed unngår ein konflikt med WTO. Dei opererer med følgjande tilskott: Kulturlandskap, arealtilskott for å sikre matforsyninga, tilskott til biologisk mangfald, særskilte tilskott til visse produksjonsformer som økologisk, tilskott til ressurseffektivitet (reduert bruk av kunstgjødsel og sprøyting og til skånsam jordarbeiding). Til sist eit kompensasjonstilskott til bønder som tapar på omlegginga av politikken.

Vi kan slå fast at sveitsarane har operasjonalisert fellesgoda. Sidan dette manglar hos oss, blir fellesgoda systematisk ignorerte ved utforminga av landbrukspolitikken, anten vi talar om juridiske verkemiddel, investeringspolitikk eller produksjonstilskott.

Sterke krefter ønskjer inga endring. Men kan våre ansvarlege politikkarar stikke hovudet i sanden særleg lenger? Denne rapporten bør brukast som utgangspunkt for å fremje naudsynte endringar i vår landbrukspolitikk.

Gjermund Haga
Bonde Verdal

REPLIKK

Alvorlige dyrelidelser

I innlegget «Alvorlige påstander fra Rolness» tilbakeviser Karen Johanne Baalsrud i Mattilsynet vår kritikk mot nedslaktingen av villrein i Nordfjella. Hun hevder at dyrene har fått pause i jakta, at det ikke er blitt skutt på flyktende dyr og at hjortedyr ikke kan utvikle resistens. Dette stemmer ikke.

Dyrene ble ikke innvilget pause etter utvidet ordinær jakt, slik forskere fra NINA bad om. Med unntak av dager med dårlig vær, samt juleferie og vinterferie for mannskapet, er dyrene blitt jaktet i hele perioden fra 10. august til 25. februar - som offisielt var siste dag. Men fortsatt skytes enkelt dyr fra helikopter, bl.a. kalver på avveier og en elg som var kommet inn i området.

Til påstanden om at det ikke ble skutt på dyr i flukt må vi spørre; Hvordan er det mulig å få dyr til å stå i ro når de jages av helikopter og snøscootere? Et filmklipp på NRK viste jegere som kastet seg ned for å skyte mot en flokk på vill flukt, og jaktleder har også vært åpen om at skudd mot dyr i flukt var nødvendig for å rekke nedslaktingen innen tidsfristen.

Baalsrud mener at jakt fra helikopter har ført til kortvarig stress for dyrene. Det ble oppgitt at det tok 22 minutter å felle en flokk på 22 dyr. Forskere ved NINA har til sammenligning satt 2 minutter som maks jagetid ved merking av villrein. Det har vært 16 dager med helikopterjakt hvor det ble felt nærmere 250 dyr, fordelt på 38 flokker eller enkelt dyr. Den intense helikopteraktiviteten må ha påført dyrene langt mer enn kortvarig stress.

Når det gjelder påstanden om at hjortedyr ikke kan utvikle resistens mot CWD, viser dette hvor lite innstilt Mattilsynet er på å ta til seg kunnskap fra forskning i andre land. I Alberta, Canada, undersøkte forskere ni bestander av caribou, nord-amerikansk reinsdyr, og fant at 36,7 prosent av de testa dyrene hadde en økt forekomst av gener som kunne assosieres med resistens mot CWD. Et annet forskerteam fant at 41 prosent av hjortedyr fra CWD-kjerneområder i Wisconsin hadde resistente gener mot CWD.

Jenny Rolness
Dyrenes Røst



Villrein: Fra obduksjon av veillrein i Nordfjella.

Foto: NTB scanpix

Treng alle

«Vi treng dei store, vi treng dei mindre, kort sagt: vi treng drift og aktivitet på gardane.»